

## Referat frå møte 3 i SU/SMU

<b>Stad:</b>	Ågotnes sk.	<b>Dato:</b>	14.02.202	<b>Møtenr.:</b>	3/2023-2024
<b>Referent:</b>	Magne Abelsen				
<b>Tilstades:</b>	Thea Bringedal (elevråd), Ane M. Rong (FAU-leiar), Hege Algrøy (FAU), Stian Telle (politisk repr.), Aina C. Kolstad og Laila Nordvik (representantar for lærarane), Mette Bongom (andre tilsette), Borghild Marie Fjell (avd.leiar) og Magne Abelsen (rektor)				
<b>Ikkje møtt:</b>	Haben Angesom og Emma Celin Knarvik (elevråd)				

<b>Tema</b>	<b>Kva:</b>	<b>Oppfølging</b>
<b>Saker frå skulen</b>	<p><b>- Uteområdet</b> Det er satt av 5 millionar i budsjettet til kommunen. Kostnadsrammene for skissene som vart utarbeida ligg på 11 millionar. Rektor skal i møte med byggjeleiar Ivan Nakken frå Eigedomsdrift med tanke på prioriteringar fredag 23.02.24. Det er eit mål å få ut anbod og avgjere kven som får oppdraget før sommaren, slik at det blir oppstart til hausten. Kommunen er i prosess for å få til eit nyskapande aktivitetsanlegg nord for skulen, bak fotballbingen. Dette vil vere med grunnlaget for prioriteringane knytt til uteområdet som heilskap.</p> <p><b>- Innfartsparkering</b> Kommunen har eit prosjekt for å utvida innfartsparkeringa nord for bussterminalen. I den samanheng vil dei gjere endringar i av- og påkøyringa mot Landrovegen. I anleggsperioden vil plassen utanfor bassenget verte nytta som base for entreprenør.</p> <p><b>- Besøk av SUPER-Marte, MOT-foredrag og SUPER-dag</b> Tysdag 13. Februar hadde skulen besøk av SUPER-Marte, ei av skaparane av SUPER!!-programmet. Ho var innom dei klassane som har nytta programmet (1.-3.trinn) og hadde foredrag for lærarane i deira utviklingstid og foreldre på kvelden. SUPER!!-programmet er ein del av MOT. Skulen er også ein av 30 pilotskular som deltek i satsinga "Skulen som samfunnsbyggjar" som MOT har utarbeida.</p> <p><b>- Leirskule veke 8</b> 6. trinn var klare til å reise på leirskule i veke 4, men grunna vêret, kom dei seg ikkje av gårde. Dei har fått ny avtale med Hallingdal Leirskule i veke 8, og då håpar i vår og tog og skiføre slår til så elevane får ei fin oppleving.</p>	

	<p><b>- TL-kickoff, ny runde med TL-leiarar</b></p> <p>8. januar hadde TL-leiarane for hausten påskjøningsdag med tid i bassenget, pizza og film i kantina.</p> <p>Dei nye TL-leiarane var på "leikekurs" i Ågotneshallen 7. februar. Då var dei vertsskule og lærte seg leikane før dei andre skulane kom og var så instruktørar for alle dei andre elevane. Her kan vi nemne at dei skulle dele oppgåva med elevar frå ein annan skule, men dei andre kom ikkje grunna vanskelege køyreforhold, så våre elevar tok ansvar for alle elevgruppene – og gjennomførte med glans! Måndag 12. Februar var det TL-kickoff i gymsalen med presentasjon av nye TL-leiarar og ny plan med oversikt over leikar.</p>	
<b>Saker frå SFO</b>	<p><b>- Vinterferie-SFO</b></p> <p>SFO-leiar Mette orienterte om at 30 born var påmeldt, og 20 av dei er frå Ågotnes skule.</p>	
<b>Saker frå elevrådet</b>	<p><b>- Vere saman i friminutt</b></p> <p>Elevrådet har fremma sak om at elevane ønskjer å vere i lag i friminutt, og ikkje delt etter småtrinn og mellomtrinn. Skulen har tatt ønskje på alvor og held på med å lage ein plan for korleis vi skal gjennomføre. Vi startar med eit friminutt kvar fredag, men fotballbingen vil følgje eksisterande plan.</p> <p><b>- Nytte området med grasbanane</b></p> <p>Elevrådet har og ønska å nytte treningsapparata og kunstgrasbanene oppe ved Ågotneshallen i friminutta. Dette vil vere aktuelt når arbeidet med uteområdet tar til. Då vil gjerne deler av uteområdet bli sperra av, og vi kan flytte vaksne og elevar opp til området ved Ågotneshallen.</p>	
<b>Saker frå FAU</b>	<p><b>- Stoler og bord</b></p> <p>Kommunen ønskjer å overta bord og stolar som FAU har i Ågotneshallen. FAU har hatt utgifter til innkjøp av bord. Stolane blei kjøpt frå Radio Sotra.</p> <p><b>- Helseverngodkjenning</b></p> <p>Rektor følgjer opp prosessen</p> <p><b>- Skulekorps til 17.mai</b></p> <p>Korpset kostar kr. 8000,- (auka opp frå 6000 grunna auka utgifter) for å få dei med i 17.mai-toget. Går det an å søkje om støtte til arrangement i kommunen? Stian kjenner ikkje til ordninga. FAU-leiar følgjer opp.</p>	

	<p><b>- KFU (Kommunalt Foreldreutval)</b> FAU-leiar har fått invitasjon til å bli med i opprettinga av KFU (Kommunalt Foreldreutval). FAU Ågotnes ønskjer å bli med.</p>	
	<p><b>- Overgangsfelt frå FRI-huset til SFO-porten.</b> FAU lurar på om det kjem overgangsfelt frå FRI-huset til SFO-porten. (Det har og blitt nemnt overgangsfelt frå Fri-huset mot bussterminalen). FAU vil følgje opp saka.</p> <p><b>- Vintervedlikehald - oppfølging frå sist</b> FAU ønskte at snø ikkje skulle samlast på parkeringsplassane i snuhammaren. Rektor har vore i kontakt med vaktmeister som kan høyre med dei som har anbodet, men han trudde ikkje at dei har utstyr til å få snøen over fortauskantane. Det kom innspel om ein kunne leggje snøen på opne områder nede ved Landrovegen.</p> <p><b>- Tilpassa opplæring</b> Har skulen eige tilbod til elevar som synest det er vanskeleg å sitje i ro på stolen når dei skal lære å lese og skrive? Lærarane tilpassar for elevar som treng det. Elevar med særskilte behov vil få tilrettelegging og skulen kan få hjelp av PPT i den prosessen.</p> <p><b>-Skjermtid i skuletida</b> Dei digitale hjelpemidla gjev oss større moglegheiter å tilrettelegge for elevar med ulike utfordringar. Nokon elevar er avhengig av den hjelpa. Skulen er klar over at skjermbruk er eit aktuelt tema i media og blant føresette, og ser at det vil vere nyttig å informere meir om korleis vi nyttar skjerm. Målet er å nytte digitale verktøy når det er tenleg for undervisninga.</p> <p><b>- Bytedag</b> Ane er midt i prosessen. Det har kome inn lite utstyr. Ane har ein draum om å lage ei messe i forkant av julemesssa.</p> <p><b>- Sanitærprodukt til jenter som får menstruasjonen</b> Skulen har eit utval hos skulesekretæren. Helsesjukepleiar har og bind og tamponggar på sitt kontor.</p> <p><b>- FAU hjelper skulen økonomisk</b> FAU dekker kostnader til TL-avgift, skidag for 5.trinn og leige av langrennsski for 6.trinn på leirskule.</p>	